

Årsrapport for etter- og videreutdanning

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

2007

SAMANDRAG

2007 er det sjette året at det er vekst i vidareutdanningsverksemda ved NTNU. Det er produsert 490 årseiningar innan vidareutdanning. Dei tre største institutta på vidareutdanning står for heile 38% av studiepoengsproduksjonen i 2007. Sidan 2006 er auken i studiepoengsproduksjon på 16%.

Dei erfaringsbaserte masterprogramma går godt, både masterprogram i organisasjon og ledelse og masterprogram i skoleledelse har stor aktivitet. Generelt er ledelse det området som aukar mest, det er også det området der konkurransen er størst. Det er stor breidde i tilboda ved NTNU, alle fakultet har vidareutdanningstilbod og det er aktivitet på totalt 30 institutt i 2007, dette er fem færre enn i fjor.

Innan etterutdanning er tala svært bra for 2007, men vi har dårlige rapporteringsrutinar på etterutdanningsområdet så det er vanskelig å seie om det har skjedd store endringar. Deltakartalet har auka med om lag 1300 frå 2006-2007, denne auken kan skyldast at det er rapportert inn tal for 2007 som vi ikkje fekk rapportar om i 2006. Vi veit at det skjer meir etterutdanning rundt på institutta, men sidan det ikkje er insentivar i systemet for å rapportere inn og det heller ikkje ligg i FS, får vi lite respons tilbake.

Konferanseverksemda har igjen auka. Både talet på konferansar administrert ved Seksjon for fjernundervisning, etter- og vidareutdanning og talet på deltakarar er det høgste dei siste seks åra. Investeringa i eit konferanseadministrasjonssystem har gjort seksjonen betre i stand til å handtere store konferansar både på det faglege (papershandtering) og administrative området.

Økonomisk omsetjing for den delen av verksemda som blir gjennomført via NTNU VIDERE har auka betydeleg dei siste åra. Total omsetjing var på 36 mill kr i 2007. Ved å inkludere midla som vart fordelt fakulteta frå departementet kjem omsetjinga opp i nesten 60 mill kr.

INNHALD

1	Innleiing	2
2	Utvikling ved NTNU 1996 – 2007	3
3	Strategi og mål	4
4	Verksemda i 2007	5
4.1	Vidareutdanning	5
4.2	Etterutdanning	11
4.3	Konferanseverksemda	12
4.4	Økonomisk oversikt etter- og vidareutdanning og konferansar	12
4.5	Marknadsaktivitetar	13
4.6	Eksterne aktivitetar	15
5	Organisering av etter- og vidareutdanning ved NTNU	15
5.1	Administrativ organisering	16
6	Utsikter og planar for 2008	17
7	Vedlegg	I
	Vedlegg I: Fakultetsvis oversikt over vidareutdanninga 2007	I
	Vedlegg II: Vidareutdanningskurs fordelt på fagområde og institutt	VI
	Vedlegg III: Etterutdanning 2007	XI
	Vedlegg IV: Kursdagane 2007	XII
	Vedlegg V: Registrerte konferansar ved NTNU VIDERE 2007	XIII
	Vedlegg VI: Innspel frå fakulteta	XIV
	Vedlegg VII: Årsrapport, Koordinatorkontoret for legers vidare- og etterutdanning, Trondheim	XXI
 Tabellar og figurar:		
Tab 1:	Etter- og vidareutdanning ved NTNU 2007	5
Tab 2:	Erfaringsbaserte masterprogram ved NTNU (tal i parentes =2006)	6
Tab 3:	Vidareutdanning 2007 fordelt på fagområde	8
Tab 4:	Etterutdanningskurs per fagområde 2007	11
Tab 5:	Økonomisk omsetning via Seksjon for fjernundervisning, etter- og vidareutdanning	13
Figur 1:	Produserte årseiningar vidareutdanning 1996 - 2007	3
Figur 2:	Institutt med størst produksjon 2007	8
Figur 3:	Årseiningar per fagområde 2003-2007	9
Figur 4:	Årseiningar ved fakulteta 2003-2007	10

1 INNLEIING

Etter- og vidareutdanning med utspring i NTNU sine fagmiljø er i sterk auke. Dei siste åra er både aktiviteten målt i produksjon og den eksternfinansierte omsetjinga meir enn dobla, samtidig som det blir handtert fleire vitenskaplege konferansar gjennom NTNU VIDERE enn tidlegare år. Den institusjonstilknytte etterutdanninga har ikkje i same grad vore fokusert, men ein reknar med at den er større enn det som kjem fram i aktivitetsoversikter ved institusjonen fordi ein del aktivitet skjer i regi av dei enkelte fagmiljø og ikkje blir rapportert sentralt. Så deltakarmessig er det ei stor etterutdanningsverksemd. Tal blant anna frå Program for lærarutdanning for 2007 understrekar dette. Samtidig skjer ein del etterutdanning i regi av den enkelte vitenskaplege tilsette utan at dette er synleggjort i rapportar.

NTNU VIDERE er NTNU si satsing på etter- og vidareutdanning (evu). Sterkare profilering av evu ved NTNU dei siste åra er med stort sannsyn årsaka til veksten vi har sett. For nokre år sidan vart det nemnt eit framtidig mål på 500 produserte årseiningar per år, dvs at vidareutdanningsverksemda tilsvarte 500 studentar på heiltid. Då verka det lite sannsynleg, i alle fall i næraste framtid. I 2007 er vi allereie oppe i 490 årseiningar, så det er faktisk mogleg. 2007 har vore eit år med stor aktivitet både når det gjeld kurs- og konferanseverksemda ved NTNU, og som viser at ambisiøse mål faktisk kan bli nådd.

Også i 2007 har NTNU vidareført etablerte samarbeid med eksterne aktørar og fått kontraktar og avtaler med nye aktørar (StatoilHydro, Aker Kværner, Statsbygg..). Dette inneber ein auke i bedriftsinterne vidareutdanningsprogram, samt fleire etablerte samarbeid med partnarar for å gjere etter- og vidareutdanning frå NTNU meir tilgjengeleg for offentleg og privat verksemd og enkeltpersonar. Dette inneber i større grad enn før gjennomføring av samlingar/ forelesingar i andre geografiske område enn Trondheim. Gevinsten er at vi når fleire deltakarar samtidig som dette også gir miljømessige og samfunnsøkonomiske gevinstar gjennom redusert reiseaktivitet.

Konferanseverksemda som er oppsummert i denne rapporten er den verksemda som Seksjon for fjernundervisning, etter- og vidareutdanning har hatt prosjektleiaransvar eller administrativt og arrangementsmessig ansvar for. Dette er både internasjonale og nasjonale konferansar, og deltakartalet varierer frå 40 til 1779 deltakarar. Arrangement ut over dei som seksjonen har administrert/ hatt prosjektansvar for er ikkje inkludert i rapporten.

Seksjon for fjernundervisning, etter- og vidareutdanning (EVU-seksjonen/ NTNU VIDERE) er den sentrale administrative eininga for EVU ved NTNU.

Vidareutdanning er definert som eksamensretta kurs/ studieprogram som gir studiepoeng.


Etterutdanning er definert som kurs som ikkje gir studiepoeng, og oftast er av kortvarig karakter.

Denne rapporten summerer opp etter- og vidareutdannings- og konferanseaktiviteten året 2007.

Årsrapporten vart behandla av NTNU sitt Utdanningsutval i møte 7. mai 2007.

2 UTVIKLING VED NTNU 1996 – 2007

Det er sjette året at vidareutdanningsverksemda aukar i talet på årseiningar (sjå figur 1). Det har aldri før vore større aktivitet på NTNU innan vidareutdanning. Frå 2001 til 2007 er verksemda meir enn dobla. Dette skyldast nok fleire forhold, både den økonomiske veksten i samfunnet generelt samt strategisk satsing på vidareutdanning på NTNU. Dei siste åra har det blitt jobba systematisk på fleire frontar - internt har fokus vore på administrasjon og oppfølging av fagmiljø som utviklar kurs – eksternt har ein auka kompetansen og styrken i marknadsføringsarbeidet, faktorar som alle kan forklare oppgangen.



Figur 1: Produerte årseiningar vidareutdanning 1996 - 2007

For strategiperioden 2004-06 var målet å auke verksemda med 25% sett i forhold til gjennomsnittet 2000-2002. Reelt auka verksemda med 75% i perioden. Frå 2006-2007 er det igjen sterk vekst på 16% i produserte årseiningar.

Det er ikkje utarbeidd ny strategi spesielt for etter- og vidareutdanning ved NTNU sidan den førre gjekk ut i 2006. Nokre fakultet jobbar strategisk og har konkrete planar for si evu-verksemd. Innspel frå fakulteta om etter- og vidareutdanningsverksemda, sjå vedlegg VI.

Strategisk arbeid innan evu må ta utgangspunkt i NTNU sine strategiar og mål for verksemda (NTNU 2020). Det bør vurderast å setje opp eigne mål og handlingsplanar for spesielt for evu-verksemda for å følgje opp NTNU 2020 og spesifisere kva forventningar dette gir for etter- og vidareutdanninga framover. Veksten dei siste åra kan også brukast som eit argument for å utarbeide ny strategi særskilt for evu-verksemda sidan dette tidlegare har ført til at NTNU har auka fokus på å tilby marknadsretta kurs og program. Evu er svært konjunkturavhengig, og ein strategi vil vere til hjelp både i oppgangs- og nedgangstider. Korleis skal ein bruke insentivar, skal særskilte område prioriterast, er viktige spørsmål.

3 STRATEGI OG MÅL

NTNU har følgende overordna mål for utdanning (utdrag frå strategidokumentet NTNU 2020¹), der det blant anna blir framheva at etter- og vidareutdanninga skal styrkast:

Utdanning

NTNUs utdanning på grunn-, etter- og vidareutdanningsnivå skal være relevant for samfunnet og kandidatene skal være etterspurt av arbeidslivet. Studiene skal foregå i et læringsmiljø med høy faglig og pedagogisk kvalitet, og være preget av kulturelt mangfold. NTNU skal fremme samspill på tvers av fag og forene teori og praksis. NTNU skal ha en internasjonal orientering og være ledende på teknologisk og naturvitenskapelig utdanning. Master- og doktorgradsnivå skal prioriteres. Etter- og vidareutdanning skal styrkes.

	Mål 2010	Mål 2020
Studentrekruttering	Minst 2,5 primærsøkere per studieplass i snitt; >10 % internasjonale studenter på MA- nivå	Europas mest attraktive studiested innen utvalgte studieprogrammer, etter- og vidareutdanningstilbud ; konkurranse om alle studieplasser
Felles studieprogram/grader med anerkjente utenlandske universiteter	Minst 3 felles studieprogram/grader (MA/PhD) med anerkjente universiteter per fakultet	Felles grader/studieprogram med universiteter som er blant de 20 beste i Europa
Studenttilfredshet	8 av 10 tilfreds eller svært tilfreds på aktuell skala innenfor grunn-, etter- og vidareutdanning	Rangert blant Europas 20 beste på anerkjente målinger
Arbeidsmarkedstilfredshet	8 av 10 tilfreds eller svært tilfreds på aktuell skala innenfor grunn-, etter- og vidareutdanning	Rangert blant Europas 20 beste på anerkjente målinger

Strategier

- Styrke rekruttering og nettverksbygging mot andre utdanningsinstitusjoner, nærings- og samfunnsliv
- Utvikle og markedsføre flere engelskspråklige studietilbud, spesielt på MA- og PhD-nivå
- Skape et fremragende studiemiljø i nært samarbeid med studentorganisasjoner og Studentsamskipnaden
- Samordne og vidareutvikle et helhetlig kompetansemiljø for kvalitet i universitetsutdanning
- Utvikle strukturer som fremmer tverrfaglig undervisnings- og veiledningsamarbeid

* *utheva skrift i kolonne to og tre er gjort for å framheve det som står om etter- og vidareutdanning.*

¹ <http://www.ntnu.no/omntnu/strategi/2020>

4 VERKSEMDA I 2007

Aktiviteten i 2007 har vore stor på heile NTNU og det har aldri før vore så mange deltakarar på vidareutdanningskurs. Både fokus på CRM (Customer Relationship Management) hos NTNU VIDERE og samarbeidet med NTNU-alumni har ført til at EVU-seksjonen i større grad følgjer opp aktuelle deltakarar meir målretta enn før i forhold til marknadsføring. Dette styrkar ideen om at marknadsarbeidet og fokus på behov har fungert. Tabell 1 viser total evu-verksemd i 2007. 305 kurs er gjennomført med over 7 000 deltakarar.

Kursform	Antal kurs	Deltakarar	Produserte årseiningar
Etterutdanning	144	4 290	
Vidareutdanning *	161	2 876	490
Totalt	305	7 166	490

Tabell 1: Etter- og vidareutdanning ved NTNU 2007

*) Totalt 3 450 kandidatar har deltatt på vidareutdanningskurs, av desse har 2 876 bestått eksamen.

Rapportering av etterutdanning kjem frå verksemd ved Program for lærarutdanning, inkludert Skolelaben, kurs administrert av NTNU VIDERE og kurs via Koordinatorkontoret for legers vidare- og etterutdanning samt Kursdagene og Fagpedagogisk dag ved NTNU (sjå også vedlegg III). Det er ein stor auke på vel 1300 deltakarar frå 2006-2007. Tala for etterutdanning ved NTNU totalt er nok enda større fordi det som sagt tidlegare føregår etterutdanning som ikkje blir registrert ved NTNU VIDERE.

4.1 Vidareutdanning

Vidareutdanningstilboda ved NTNU blir gruppert i enkeltkurs, kursseriar og erfaringsbaserte masterprogram. Det har skjedd ei dreining i retning av meir interesse for kursseriar og masterprogram. Tilboda er fleksible med intensive samlingar, og tilrettelagt for folk som er i arbeid. Studenten kan starte eit løp og ta eitt og eitt kurs, og vite at dersom ho vil kan ho fortsetje fram til ein heil mastergrad er gjennomført.

Erfaringsbaserte masterprogram:

NTNU har kanalisert fleire av enkelttilboda inn i masterprogram, og også utvikla nye emne som inngår i programma. Berre frå 2006-2007 har det vore ein auke i produksjonen på dei erfaringsbaserte mastergradene på 43 årseiningar, og det var 300 fleire deltakarar frå det eine året til det neste. Sjå tabell 2 for spesifikke tal i 2007, dei ulike masterprogramma er drøfta lengre ned i teksten. Produksjonen på masterprogramma utgjer 30% av den totale årseiningsproduksjonen ved NTNU, og tilsvarar nesten 150 fulltidsstudentar.

Det må spesifiserast at ikkje alle kandidatar på MORG (masterprogram i organisasjon og ledelse) kjem til å fullføre ein heil mastergrad. Opptak til sjølv masterprogrammet skjer når kandidaten skal skrive masteroppgåve. Ein reknar likevel med at ein stor del av dei som tar ulike emne vil gjennomføre heile løpet.

Tabell 2 viser produksjonen på masterprogramma i 2007, tal for 2006 i parentes. I teksten etter tabellen kjem ein gjennomgang av dei ulike programma og utvikling siste året.

	Kurs	Kandidatar	Bestått	Årseiningar
1. MEIENDOM	7 (6)	131 (114)	124 (109)	16,1 (13,6)
2. MORG	17 (22)	513 (454)	490 (417)	61,6 (52,1)
3. MSKOL	10 (4)	312 (109)	289 (102)	56 (27,8)
4. MTS	2 (2)	62 (51)	60 (46)	15 (12)
Totalt	36 (34)	1 018 (728)	963 (674)	148,7 (105,5)

Tabell 2: Erfaringsbaserte masterprogram ved NTNU (tal i parentes =2006)

1. MEIENDOM: Master i eigeidomsutvikling og –forvaltning starta opp i 2005. Fakultet for arkitektur og biletkunst er ansvarleg for programmet som hadde 124 kandidatar som bestod eksamenar i 2007. Produksjonen tilsvare 16 studentar på fulltid.
2. MORG: Masterprogram i organisasjon og ledelse (MOL) er eit fleksibelt studium som aukar aktiviteten år for år. Det er også det programmet der det blir brukt mest midlar i marknadsføring, særleg pga andre konkurrerande aktørar som BI som allereie står sterkt i marknaden. 11,5 fleire årseiningar har blitt produsert sidan 2006, og det var 60 fleire deltakarar. Kjernen i masterprogrammet er ”den skandinaviske modellen”, der grunntankane er flate strukturar, lavt konfliktnivå og god utnytting av menneskelege ressursar. SVT-fakultetet administrerer graden, for meir, sjå vedlegg VI.
3. MSKOL: Master i skoleledelse er framleis på offensiven og har hatt ein formidabel auke det siste året med 200 fleire deltakarar enn året før og ein auke på nesten 30 årseiningar. SVT-fakultetet er vertsfakultet for masterprogrammet.
4. MTS: Master of Technology Management blir tilbydt ved Institutt for industriell økonomi og teknologiledelse i samarbeid med Noregs Handelshøgskule i Bergen. Det er opptak til studiet kvart andre år. Programmet er godt kjent og innarbeidd og søknaden er svært god.

NTNU har tre masterstudiar til, nokon er så vidt starta, andre er i planleggingsfasen: Master of Arts in Marine Insurance and Risk Management (master i sjøforsikring og risikohandtering) er eit samarbeid mellom NTNU, UiO og CBS, det er UiO som forvaltar mastergraden, masterprogram i praktisk spesialpedagogikk og masterprogram i helseinformatikk er reine NTNU-grader som er i startgropa.

I tillegg tilbyr DMF ein erfaringsbasert master; masterprogram i barn og unges psykiske helse, denne blir ikkje marknadsført under vidareutdanningstilboda til NTNU VIDERE. For meir om DMF og arbeidet med etter- og vidareutdanning, sjå vedlegg VI, innspel frå fakulteta.

Andre kursseriar:

Afrikastudier: Tilbodet har vore i marknaden i sju år, og har framleis god søknad. Studiet er tverrfagleg, totalt sju institutt og tre fakultet samarbeider om tilbodet. Produksjonen i 2007 er noko mindre enn i 2006, på 25,3 årseiningar, 101 deltakarar bestod eksamen. Fire kurs vart gjennomført.

Take Credit!: Er eit vidareutdanningstilbod i engelsk som tilsvare grunnfag og mellomfag. Take Credit! er under modernisering for å bli nettbasert. To reine nettkurs er gjennomført og

fleire er i utviklingsfasen. I 2007 var det totalt 185 studentar som gjennomførte eksamen med ein årseiningsproduksjon på 33.


Delta – vidareutdanning i matematikk er eit nettbasert matematikkstudium med (frivillige) samlingar i Trondheim. Studiet er eit samarbeid mellom Institutt for matematiske fag og Program for lærarutdanning. Delta gir undervisningskompetanse for lærarar i ungdomsskolen og vidaregåande skole og består av åtte emne på 7,5 studiepoeng kvar. Det var stor søknad på emna hausten 2007. Totalt har 105 bestått eksamen på Delta i 2007 noko som tilsvarer 13 årseiningar, to meir enn i fjor. Delta gjekk over frå å bruke NTNU sitt learning management-system It's learning til den gratis programvara Moodle i 2007, fordi Moodle betre kunne handtere teikn som er nødvendig i matematikkundervisning på nett.

Olympiatoppens topptrenarutdanning: Eit samarbeid mellom NTNU og Olympiatoppen om utdanning for trenarar som ønskjer å jobbe med idrettsutøvarar på eit internasjonalt høgt nivå. Utdanninga har fire modular kvar på 15 studiepoeng. I 2007 var det 51 deltakarar til saman, som stod for 13 årseiningar, ein nedgang på 6 årseiningar frå året før - kvifor.

Universell utforming: NTNU tilbyr tre kurs, Universitet for biovitenskap og miljø eitt kurs i programmet Universell utforming. Styresmaktene sitt søkelys på universell utforming har ført til auka krav til offentlege løysingar, noko som krev konkret kunnskap og innsikt hos dei som arbeider med planlegging og prosjektering. Programmet er utvikla for å imøtekomme gruppene som har behov for auka kompetanse. 22 deltakarar bestod eksamen på NTNU, to kurs vart gjennomført. Produksjonen tilsvarer 4 årseiningar

Det er breidde i tilboda ved NTNU, tilbodet spenn frå masterprogram i ledelse til kurs i folkedans, frå vegbygging til kurs i norsk som andrespråk. Alle fakultet har vidareutdanningstilbod og det er aktivitet på totalt 30 institutt i 2007, dette er 5 færre enn i fjor. Nokre institutt har berre nokre få tilbod som dei ikkje tilbyr kvart år, dette kan forklare nedgangen i talet på institutt.

Dei største institutta er Institutt for moderne framandspråk og Institutt for produksjons- og kvalitetsteknikk (begge med 63 årseiningar i 2007, heretter ÅE), Program for lærarutdanning har produsert 62 ÅE, IØT har hatt ein auke frå i fjor og gått opp frå 42 til 53 ÅE. Dei tre største institutta innan vidareutdanning står for 38 % av den totale produksjonen av årseiningar ved NTNU. Institutt for sosiologi og statsvitenskap leverer dei fleste av sine kurs i masterprogram i organisasjon og ledelse og har produsert 25 årseiningar, medan pedagogisk institutt har produsert 20 ÅE.



Figur 2: Institutt med størst produksjon 2007

Ved institutt for moderne framandspråk er det tilbodet i engelsk som er størst, Take Credit, men også spansk og fransk har hatt mange deltakarar. Dette er årsstudiar delt opp i emne på 7,5 eller 15 studiepoeng, som alle er fleksible/nettbaserte med samlingar. Institutt for produksjons- og kvalitetsteknikk leverer inn mange kurs i masterprogram i organisasjon og leining, og har også ein del bedriftsinterne kurs innan prosjektledelse. Blant anna har dei avtalar med StatoilHydro, Statsbygg og Aker Kværner om levering av kurs.

Master i skoleledelse er eit av tilboda ved Program for lærerutdanning som gir stor produksjon: i 2007 utgjer deltakarane totalt 27,8 årseiningar. PLU har etter kvart ei stor og brei kursportefølje med kurs innan natur-/realfag, IKT og fagpedagogikk og andre. For oversikt, sjå vedlegg I.

Fagområde:


Ser vi på inndelinga ut frå fagområde i staden for institutt finn vi at ledelse er det området der vi har størst tilbod og i 2007 tilsvarer desse emna 42% av den totale produksjonen av årseiningar innan vidareutdanning, totalt 204 (sjå tabell 3). Nesten 1400 deltakarar har gjennomført og bestått eksamen i eitt eller fleire emne innan området. Som nummer to kjem humanistiske fag, der hovuddelen er språkfag i hovudsak retta mot lærarar som målgruppe.

Fagområde	Årseiningar	Antal kurs	Kandidatar	Bestått
Medisin/helse	32	5	94	69
Teknologi/arkitektur	60	29	516	460
Ledelsesfag	204	58	1390	1308
Humanistiske fag	108	37	854	585
Natur-/ realfag	19	11	227	153
Samf.fag for øvrig	66	21	369	301
Sum	490	161	3450	2876

Tabell 3: Vidareutdanning 2007 fordelt på fagområde

Over dei siste fem åra har den store endringa skjedd innan området ledelse. Dei to erfaringsbaserte masterprogramma MOL og Skoleledelse utgjer til saman 118 årseiningar. I tillegg gjennomfører Institutt for produksjons- og kvalitetsteknikk fleire bedriftsinterne kurs som etter kvart også utgjer ein stor del av dette marknadsområdet. Det er stor etterspørsel etter kurs i prosjektledelse, og både offentlege og private aktørar har avtalar med NTNU for gjennomføring av kurs.

Det er to store institutt innan fagområdet leining; institutt for produksjons- og kvalitetsteknikk og institutt for industriell økonomi og teknologiledelse. Dette er båe institutt med lang erfaring i etter- og vidareutdanningsmarknaden. Dei er dyktige på å følgje opp - og skape nye kontaktar i offentleg sektor og i næringslivet og vidareutvikle kurstilbodet i tråd med behova.



Figur 3: Årseiningar per fagområde 2003-2007

Figur 3 viser også positiv utvikling for teknologiske fag, som har hatt ein auke frå 2006-2007 på 14 årseiningar, til 60 ÅE. Institutt for bygg, anlegg og teknikk har vore meir aktivt i 2007, med blant anna 48 deltakarar på kurs innan sikkerheitsstyring og seks kurs gjennomført. Områda humanistiske fag, natur-/realfag og samfunnsfag er relativt stabile. Ein hadde kanskje forventa ein auke i natur-/realfag pga fokuset på å få opp talet på lærarar innan realfag, men statistikken viser at dette ikkje stemmer. 9 årseiningar vart produsert på området i 2007, mot 20 året før, eit beskjedent tal sett i forhold til forventningane i samfunnet. Her må vi påpeike at NTNU tilbyr mange etterutdanningsstilbod innan realfag.


Av 37 kurs på det humanistiske området er 22 av dei innan språk. Engelsk i hovudsak, men også spansk, tysk og fransk. NTNU har tatt imot utfordringa og auka satsinga på kompetanseheving av lærarar innan språk, av dei nyare tilboda er det særleg spansk som har vore populært sidan det vart sett i gang.

Innan medisin- og helseområdet er det to større vidareutdanningsprogram som kvart tredje år fører til større produksjon; klinisk pedagogikk og miljøterapi. Båe programma vil

uteksaminere kandidatar i 2008 og dermed kan vi forvente at produksjonen aukar i 2008 i forhold til 2007.

Fakultetsvis aktivitet

Figur 3 viser at aktiviteten innan vidareutdanning er svært ulik ved fakulteta, og at det også er til dels store variasjonar i aktiviteten frå år til år.



Figur 4: Årseiningar ved fakulteta 2003-2007

Fakultet for arkitektur og biletkunst (AB) ligg på same nivå som 2006, men er eit lite fakultet i vidareutdanningssamanheng. Master i eigedomsforvaltning står for størstedelen av produksjonen ved fakultetet.

Fakultet for ingeniørvitenskap og teknologi (IVT) har nesten dobla produksjonen frå året før, og det er Institutt for produksjons- og kvalitetsteknikk som i stor grad står for auken. Instituttet leverer som sagt i stor grad kurs innan prosjektledelse både i MOL og bedriftsinternt for samarbeidspartnarar som Aker Kværner, StatoilHydro, Statsbygg. Instituttet stod for 63 av dei 101 årseiningane ved fakultetet i 2007. Eit anna større institutt innan vidareutdanning ved fakultetet er Institutt for bygg, anlegg og transport, med sju teknologikurs og 19 årseiningar produsert i 2007. Heile åtte av 11 institutt ved fakultetet har gjennomført vidareutdanning i 2007.

Fakultet for naturvitenskap og teknologi (NT) gjennomførte to kurs i 2007. Fakultetet har ingen mål for si etter- og vidareutdanning, men potensialet burde vere stort, særleg innan realfag og teknologi.

Fakultet for informasjonsteknologi, matematikk og elektroteknikk (IME) stod for 3,9% av den totale årseiningproduksjonen ved NTNU i 2007, i hovudsak er dette kurs ved institutt for

matematiske fag som er i programmet DELTA – vidareutdanningskurs i matematikk som blir tilbydt i samarbeid med PLU. Fakultetet har delegert ansvaret for utvikling og gjennomføring av evu til institutta og oppfordrar til samarbeid med NTNU VIDERE om denne aktiviteten.

Det historisk-filosofiske fakultet (HF) ligg om lag på same nivå dei fire siste åra, og har sine faste program og kurs som går bra. Det er særleg språkfaga ved institutt for moderne framandspråk som har stor aktivitet, og som også er det instituttet som har levert størst produksjon med 63 årseiningar dette året. Engelsk og spansk er dei store språka og står for 57 av desse årseiningane.

Fakultet for samfunnsvitskap og teknologiledelse er det fakultetet som produserer mest vidareutdanning med sine 208 årseiningar. Fakultetet har prioritert EVU og har det nedfelt i sin strategi. I 2007 står fakultetet for 42,4% av den totale produksjonen innan vidareutdanning ved NTNU, mot 38% i fjor. Satsinga på masterprogram ser ut til å lykkast og både MOL, MTS og master i skoleledelse fyller i stor grad opp emna dei tilbyr.

Det medisinske fakultet (DMF) leverer eitt kurs inn i programmet Afrikastudier:: Sykdom og helse i Afrika. Seksjon for fjernundervisning, etter- og vidareutdanning er i samtaler med DMF for å få fleire av fagområda ved fakultetet til å bruke NTNU VIDERE, både i marknadsføringa og administrativt slik at tilboda blir både meir synlege og eins profilert med resten av EVU-aktiviteten ved NTNU..

For meir om fakulteta sine strategiar/handlingsplanar og vurdering av evu-tilboda, sjå vedlegg VI.

4.2 Etterutdanning

Statistikken over etterutdanning ved NTNU er som tidlegare nemnt ikkje fullstendig. Fagmiljøa har ikkje insentivar for å rapportere om etterutdanning, og den blir heller ikkje prioritert. Det som er med i denne rapporten er kurs som blir administrert ved Program for lærarutdanning, inkludert Skolelaboratoriet og koordinatorkontoret for legers vidare- og etterutdanning, Fagpedagogisk dag og elles kurs som vi har fått informasjon om via samarbeidspartnarar eller på andre måtar. I tillegg deltakarar på Kursdagane ved NTNU 2007 som Tekna arrangerer og administrerer men har eit fagleg samarbeid med NTNU. For spesifisert oversikt over etterutdanninga i 2007, sjå vedlegg III.

Fagområde	Antal kurs	Deltakarar
Medisin/ helse	49	1608
Teknologiske fag	14	915
Humanistiske fag	12	952
Natur-/realfag	21	624
Samfunnsfag for øvrig*	48	191
Totalt	144	4 290

Tabell 4: Etterutdanningskurs per fagområde 2007

* Kursa på Fagpedagogisk dag er lagt inn her

Det har vore auke både i verksemda til koordinatorkontoret for legers vidare- og etterutdanning (200 deltakarar), Kursdagane hadde 300 fleire deltakarar i 2007, samt at vi i år

har fått med verksemd ved Program for lærarutdanning som ikkje har vore registrert tidlegare, og det gjeld rundt 1000 personar på kurs. Desse er lista i vedlegg III.

4.3 Konferanseverksemda

2007 har vore eit travelt år for konferanseverksemda ved NTNU VIDERE. Dei har administrert 24 konferansar med nesten 8 200 deltakarar. Tre konferansar hadde over 1000 deltakarar, to av desse var internasjonale konferansar. Staben på konferansar måtte aukast for å følgje opp den auka aktiviteten.

NTNU VIDERE har prosjektleiaransvar for fire årlege konferansar:

- **NKUL²**, Norsk konferanse for utdanning og læring. 2007 var den 13. gongen konferansen vart arrangert, med heile 1134 deltakarar. Den blir halde på Realfagbygget, NTNU. Aud Kvam er prosjektleiar.
- **Skolen i digital utvikling³** vart arrangert for sjette gong, med 500 deltakarar. Arrangementet vart gjennomført på Thon Arena Lillestrøm. Bente Sellereite er prosjektleiar.

To nye årlege konferansar starta opp i 2007:

- Skolelederkonferansen **Ledelse og kvalitet i skolen⁴**. 380 deltakarar, arrangert på Rica Hell. Bente Sellereite er prosjektleiar.
- **NOKIOS 2007⁵**, Norsk konferanse for IKT i offentlig sektor. 220 deltakarar, Nova kurs- og konferanse, Trondheim. Ragna Ann Berge er prosjektleder.

For fullstendig oversikt over konferansar – sjå vedlegg V.

4.4 Økonomisk oversikt etter- og vidareutdanning og konferansar

Den økonomiske omsetninga for den delen av aktiviteten som blir gjennomført via Seksjon for fjernundervisning, etter- og vidareutdanning (OMS NVID) har auka dei siste åra, sjå tabell 4. Vi har ikkje ei totaloversikt for omsetning på etter- og vidareutdanning rundt på fakultet og institutt, men har ein del tal som gir ei viss innsikt i størrelsen. Kunnskapsdepartementet finansierer delar av deltakaravgifta på ein del kurs, for 2007 utgjorde dette 22,7 mill kr (Internfinans.).

² www.nkul.ntnu.no

³ <http://skoleledelse.no/sdu/>

⁴ <http://skoleledelse.no/lks/>

⁵ <http://www.nokios.no>

År	Oms NVID (kr)	Endring	EVU-kurs	Konferansar	Internfinans.	Totalt
2002	9.830.029	-	-			
2003	10.787.071	+ 10%	-			
2004	13.529.641	+ 25%	-			
2005	16.902.981	+ 25%	-			
2006	28.263.479	+ 38%	18.588.730	9.674.749	20.753.333	49.015.812
2007	36.450.398	+ 52%	20.288.231	16.162.167	22.736.650	59.187.048

Tabell 5: Økonomisk omsetning via Seksjon for fjernundervisning, etter- og vidareutdanning

4.5 Marknadsaktivitetar

Marknadsarbeidet er i stor grad å vere synleg og å jobbe inn mot nettverk og andre institusjonar ved å vere representert på ulike arenaer. Kunnskap om kor ein bør annonsere, teknikkar for marknadsføring (meir og meir IKT-basert), møtestader, synlegheit er alle viktige ingrediensar i marknadsarbeidet, og er område som NTNU VIDERE jobbar med å forbetre kontinuerleg.

For marknadsgruppa ved NTNU VIDERE er det to hovudaktivitetar, den eine å profilere NTNU si vidareutdanningsverksemd generelt, den andre å marknadsføre dei enkelte emna på best mogleg måte. Marknadsføring for enkeltemne dreier seg i stor grad om definering av målgruppe for det enkelte emne, målgruppe som både er potensielle deltakarar og som er mulig å nå gjennom tilgjengelege marknadsføringsmuligheiter.

Nye marknadsføringskanalar vart prøvd ut i 2007, blant anna google-adds, der vi betaler for å få vår informasjon synleg og høgt oppe på lista når våre "tags" (søkeord) blir søkt på. Nettsidene er vår viktigaste informasjonskanal og google-adds er ein av fleire måtar å auke besøkstala på.

Vi har også følgd opp den vellykka annonseringa på flytoget frå året før. Størst innsats og ressursar i 2007 gjekk til å marknadsføre NTNU si lederutdanning. Annonsering på flytoget ga god effekt og vil bli vurdert brukt igjen.

NTNU VIDERE jobbar for å oppnå betre kundeservice ved å ta i bruk og vidareutvikle eit CRM-system. Systemet er eit IKT-verktøy for å handtere henvendelsar og søknadar. Dette systemet har felles database med NTNU Alumni, og ved hjelp av dette systemet når vi ut til meir enn 17 000 alumnar og nær 4000 som EVU-seksjonen har vore i kontakt med, anten som kursdeltakarar eller at dei har registrert at dei ønskjer kursinformasjon.

På neste side er eit eksempel på annonsering av tilbod innan ledelse som vart annonsert i 2007.

Vi utdanner ledere som kan møte morgendagens utfordringer



Det har vi gjort i snart 100 år

Historien om NTNU starter med etableringen av NTH i 1910. Siden den gang har vi forvaltet den teknologiske kunnskapen i landet vårt, og gjort folk i stand til å utøve lederskap og skape verdier.

I dag utdanner vi en ny generasjon ledere med kunnskap om hvordan de kan påvirke organisasjoner slik at de blir konkurransedyktige og i stand til å møte utfordringer.

Lederutdanning ved NTNU er tilrettelagt for deg som er i arbeid

Master i organisasjon og ledelse

(Master of Management)

- fleksibel utdanning som enkelt lar seg kombinere med arbeid og privatliv
- velg blant mange spesialiseringsretninger
- vi tilbyr kurs i Oslo og/eller Trondheim

Se www.ntnu.no/mm for mer informasjon og søknad.

Master of Technology Management

- internasjonalt executiveprogram i teknologiledelse
- du etablerer nettverk med de beste fagpersonene innen flere fagområder
- spesialiseringen ved MIT, NUS (Singapore) eller Chalmers

Se www.mtm.ntnu.no for mer informasjon og søknad.

NTNU VIDERE

Etter- og videreutdanning ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet

4.6 Eksterne aktiviteter

Verksemda ved NTNU VIDERE inneber nettverksbygging, utvikling og gjennomføring av kurs og konferansar basert på samarbeid med eksterne organisasjonar og bedrifter. For å bli kjent i ein marknad må ein vere synleg, blant anna gjennom å delta i nettverk. Formålet med nettverksdeltaking er både å selje inn eiga verksemd, men også få nye impulsar og oversikt over kva som skjer andre stader, både nasjonalt og internasjonalt. Gjennom deltaking i nettverk, styrerepresentasjon og deltaking på konferansar og studieturar jobbar ein ved NTNU for å profilere etter- og vidareutdanninga og konferanseverksemda:

Deltaking i nettverk/konferansar

NTNU er partner i **Research and Educational Network (REN)**, eit samarbeidsforum for kompetanseheving innan IKT-basert opplæringsteknologi. REN tilbyr bakgrunnsrapportar, faglege nettverk, involverer norske deltakarar i nye prosjekt og legg til rette for partnerskap med amerikanske lærings- og forskingsinstitusjonar. NTNU var representert på REN sin studietur til Boston hausten 2007.

NTNU er medlem i **European Universities Continuing Education Network (EUCEN)** – eit forum for utvikling, utveksling og formidling av innovasjon og beste praksis omkring livslang læring innan europeisk høgare utdanning.

BETT – ein årleg kongress om utdanning og utdanningsteknologi retta mot tilsette i skoleverket.

Styrerepresentasjon

Seksjonssjef Frode Arntsen var medlem i styringsgruppa for REN fram til hausten 2007. Rådgivar Cecilie Aurvoll, Seksjon for studieadministrative støttesystem, SA, tok over styrerepresentasjonen etter Arntsen.

Seksjonssjef Frode Arntsen var varamedlem i styret til Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning (NFF) fram til oktober 2007.

Rådgivar Aud Kvam ved Seksjon for fjernundervisning, etter- og vidareutdanning er styremedlem i Nasjonalt senter for romrelatert opplæring (NAROM), medlem i fagstyret for Skolelaboratoriet og kontaktperson/ koordinator for Noregsuniversitetet.

Rådgivar Ragna Ann Berge ved Seksjon for fjernundervisning, etter- og vidareutdanning er styremedlem i EIK-prosjektet, eit samarbeidsprosjekt mellom ulike bedrifter for å få i gang vidareutdanning i Nord-Trøndelag.

5 ORGANISERING AV ETTER- OG VIDAREUTDANNING VED NTNU

Det er fakultet og institutt som har det faglege og økonomiske ansvaret for evu-verksemda. I tillegg har Styret (i S-sak 33/03) vedtatt ei vertsfakultetsordning der fire fakultet har hovudansvar for marknadsarbeidet for dei fem definerte marknadsområda innan etter- og vidareutdanning; SVT har ansvaret for områda Skole og Teknologiledelse, HF for Samfunn, språk og kultur, IVT for Teknologi, og DMF for området Helse. Intensjonen med å fordele marknadsansvaret ut på definerte fakultet var å flytte ansvaret nærare relevante fagmiljø og på den måten skape betre marknadskontakt. Modellen er i avgrensa grad innført, då den synes å være ei uheldig blanding av marknadssegment og fagområde.

Etter- og vidareutdanningsutvalet ved NTNU, EVID, vart heller ikkje vidareført i 2007. Saker som gjeld EVU blir no tatt opp i Utdanningsutvalet.

